

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Sogndal Lodge, Sogndal  
**Dato:** 23.11.2015  
**Tidspunkt:** 09:30-13:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Kvalen	Leiar
Sven Flo	Nestleiar
Gunnvor A. Sunde	Medlem
Oddmund Klakegg	Medlem
Einar Målsnes	Medlem
Eline Orheim	Medlem

## Følgjande meldte forfall:

Namn	Funksjon
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem
Olve Grotle	Medlem
Turid Vallestad	Vara

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne	Statens naturoppsyn Jostedalsbreen
Rudsengen	
Maria	Nasjonalparkforvaltar/sekretær
Knagenhjelm	

Andre Ole Runar Aabrekk, Utmarksressurs as.  
frammøtte:

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 3/15	Orienteringar		
ST 4/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan 2016		2015/4004
ST 5/15	Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsmøte for 2016		2015/4004

### **ST 1/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.11.2015**

#### **Vedtak**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### **ST 2/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll**

#### **Vedtak**

Gunnvor Sunde og Einar Målsnes vart valde til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar Ivar Kvalen.

### **ST 3/15 Orienteringar**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.11.2015**

#### **Orienteringar**

##### **Driftsbudsjetten for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2016**

Kvart år må vi søkje om driftsmidlar for å dekkje nasjonalparkstyret sin aktivitet. Då må styret før kvar jul vurdere behovet for kor mange styremøte vi bør planleggje, samt kompetanseheving og eventuelle studieturar i året som kjem. I brev frå Miljødirektoratet datert den 27.10.15 står det mellom anna «Det forutsettes at nasjonalpark-/verneområdestyrrene og fylkesmennene setter opp forslag til budsjett i samarbeid.»

Nasjonalparkforvaltaren la fram eit budsjett i styremøtet med forslag om fire styremøte, to av møta i kombinasjon med ei synfaring, reise til nasjonalparkkonferansen (gjerne i kombinasjon med eit styremøte), samt eit kompetanseprogram kombinert med synfaring/studietur.

Forvaltaren minna alle styremedlemma på kor viktig det er å levere skjema for møte- og reisegodtgjersle.

### **Referat frå møte i Fagleg rådgjevande utval (FRU)**

Styremedlem Einar Målsnes refererte til møtet i Stardalen. Fleire styremedlem tok til orde for å prioritere innkommande forslag frå FRU høgt i tiltaksplanen. Styret meinte også det var veldig viktig å møte FRU årleg.

### **Bruken av årets tiltaksmidlar**

Forvaltar presenterte rekneskapet (so langt) for 2015, med ei oppsummering av gjennomførte tiltak, omsøkte tilleggsløyvingar frå direktoratet og omdisponering av midlar. Rekneskapet har gått i balanse.

### **Presentasjon av stiprosjekta i Lundeskaret og Oldeskaret**

Ole Runar Aabrekk frå Utmarksressurs as presenterte og viste bilete frå dei to siste års arbeid på dei gamle ferdelsvegane i Lundeskaret og Oldeskaret.

### **Presentasjon av årsrapporten frå SNO-Jostedalsbreen**

Anne Rudsengen presenterte årsrapporten med arbeidet i nasjonalparken 2015. Dette gav eit godt grunnlag for diskusjonen rundt dei to neste styresakene.

## **ST 4/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan 2016**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.11.2015**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Saka vart lagt fram utan innstilling, men med eit utkast til diskusjon.

### **Vedtak**

Tiltaksplanen 2014-2017 vart vedteke revidert. Sjå vedlegg for fullstendig plan.

## **ST 5/15 Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsmøte for 2016**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.11.2015**

## **Innstilling frå forvaltaren**

Saka vart lagt fram utan innstilling, men med eit utkast til diskusjon.

## **Vedtak**

Styret slutta seg til prioriteringane i skjemaet som vart lagt fram under møtet. Sjå vedlegg.